



ARD AREALPLAN AS  
Nygårdsgaten 114 (7etg)  
5008 BERGEN

Dato: 21.11.2016  
Vår ref.: 2016/33939-4  
Saksbehandlar: snowaag  
Dykkar ref.:

## **Fråsegn til førespurnad om reguleringsendring Langhøyane - gnr 45 bnr 416, 417 m.fl., - Planid 2011000100 - Radøy kommune**

Vi viser til brev datert 03.11.2016 om nabovarsel om mindre endring eller reguleringsendring av reguleringsplan for Langhøyane i Radøy kommune. Føremålet er i hovudsak i samsvar med overordna plan der område er sett av til bustad.

Hordaland fylkeskommune vurderer henvendelsen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no).

### **Vurdering**

#### Samferdsel

Innspel til punkt i føresegna:

##### 2.3.5:

Her vert det føreslått å fjerne kravet om å etablere kollektivhaldeplass i planområdet. Samferdselsavdelinga støtter dette. I tråd med Kollektivstrategien for Hordaland er det eit mål å følgje dei etablerte kollektivaksane og ikkje etablere system med omvegar.

##### 2.3.6

Punktet er fjerna, og i staden vert det lagt opp til etappevis utbygging vidare i føresegna. Dette er ei grei løysing, men vi saknar at veglys og parkering vert fanga opp i dei følgjande punkta. Ved å la veglys og parkering vere med vidare kan reguleringsendringane akseptertast som «mindre endring».

### **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget ut over merknader knytt til samferdsel. Vi ber om at innspela vert handtert i det vidare planarbeidet.

Eva Katrine R. Taule  
kst. plansjef

Snorre Waage  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Snorre Waage, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunnhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdsleavdelinga

Kopi til:

RADØY KOMMUNE